



Arkivnr: 2014/11640-84

Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.11.2016

Løyving av midlar til slutføring av prosjektet "Reisemål i industriens vogge"

Samandrag

Saka gjeld bruk av løyvde midlar og fordeling av fondsmidlar til slutføring av prosjekt for kulturminnevern og verdiskaping.

Hordaland fylkeskommune har saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2013-2016 løyvd midlar til prosjektet «Reisemål i industriens vogge», drive av aktørar i dei to fylka. Prosjektet var deltakar i det statlege programmet for verdiskapande kulturminnevern. I 2016 vart statsmidlane til dette feltet strokne frå statsbudsjettet, men prosjektet vart lengja av Riksantikvaren til og med første halvår 2016.

Ved prosjektslutt stod det att noko arbeid:

- Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane
- Drøftingar med dei samarbeidande destinasjonsselskapa korleis dei kan marknadsføre industristadane som reisemål
- Kartleggje om aktørane vil gå vidare og etablere eit bedriftsnettverk under Innovasjon Norge sin ordning «Innovative bedriftsnettverk»
- Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH-nettverket (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net)

Jf saksutgreiinga har prosjektet oppnådd gode resultat. Dette viser mellom anna gjennom ny merksemd om dei ulike stadene, auka salsinntekter ved destinasjonane (t.d. Dale of Norway) og i mange fine tilbakemeldingar frå turoperatørar i inn og utland. Vidareføringa av prosjektet har som mål å slutføre punkta over slik at dei fulle effektane av prosjektet kan syne seg. Prosjektet vil forlengast inntil eitt år.

På prosjektkonto for Reisemål i industriens vogge i HFK står kr. 171.135 i ubrukte midlar. Dette summen er løyvingar frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar i tillegg til statsmidlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har sagt seg samd i at deira midlar går inn i ei vidareføring av prosjektet, sjå vedlegg til saka. I tillegg står det inne kr 99.000 i bundne fond øyremerkt verdiskaping og kulturminnevern som vert føreslege løyvd til prosjektet. Dette utgjer til saman kr 270.135.

Forslag til vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til målet om slutføring av prosjektet Reisemål i industriens vogge og løyver kr 270.135. Løyvinga vert dekt av restmidlar på prosjektkonto (kr. 171.500) og frå bunde fond for verdiskapingsprosjekt (kr 99.000), til saman kr 270.135.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.10.2016

Bakgrunn for saka

Prosjektet *Reisemål i industriens vogge* har frå 2013 til 2016 vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Riksantikvaren har løyvd statlege midlar og fylkeskommunane har ytt regional medfinansiering. I 2016 vart statsmidlane til dette feltet strokne frå statsbudsjettet, men prosjektet vart lengja av Riksantikvaren til og med første halvår 2016 for å levere sluttrapportering. Saka gjeld slutføring av prosjektet.

Fase 1: Satsing på kulturminnevern og verdiskaping 2006-2010

Kulturminne og kulturmiljø er i aukande grad sett som ressursar for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Med grunnlag i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* sette Miljøverndepartementet og Riksantikvaren i verk ei nasjonal programsatsing i 2006. Programmet hadde følgjande mål, jf. Riksantikvaren:

1. *Bidra til at kulturminner og kulturmiljøer blir tatt i bruk i utviklingen av lokalsamfunn og næringsliv.*
2. *Utvikle modeller for samarbeid mellom eiere, rettighetshavere, næringslivet, offentlige aktører, museer og frivillige organisasjoner.*
3. *Spre kunnskap om hvordan en bærekraftig bruk av kulturminner og kulturmiljøer fremmer næringsutvikling og styrker lokalsamfunn og regioner.*
4. *Klargjøre hvilke forutsetninger som må være til stede, og avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernes, for å fremme verdiskaping.»*

I 2006 vart 12 nasjonale pilotprosjekt valde ut etter ein prosess der fylkeskommunane hadde mobilisert kommunar, organisasjonsliv, museum og frivilljuge. Etter vurdering av mange søkjarar vedtok Fylkesutvalet i sak 118/06 at Hordaland skulle ta del i programmet med eitt verdiskapingsprosjekt, *Perler i Nordsjøløypa* i Fjell, Sund og Øygarden kommunar. I handsaminga si vedtok Riksantikvaren at samarbeidsprosjektet mellom Norsk vasskraft- og industristadmuseum og Odda kommune, *Oddaprosessen*, også skulle vere del av det nasjonale programmet. 2 av dei 12 pilotprosjekta var dermed i Hordaland: *Oddaprosessen* og *Perler i Nordsjøløypa*. Prosjekta vart avslutta i 2010. For utfyllande informasjon og rapportering, sjå www.riksantikvaren.no.

Deltaking i programmet hadde vilkår om økonomisk og fagleg medverknad frå regionale styresmakter. I prosjektperioden 2006-2010 vart vilkåret komme i møte gjennom løyvingar i fylkesutvalet, td ved fordeling av konsesjonskraftmidlar. Hordaland fylkeskommune vart dermed ein monaleg bidragsytar til dei to pilotprosjekta. Ein del av midlane til øvrige prosjekt vart likevel ikkje nytta sidan prosjekta ikkje fekk statleg medfinansiering, og dei vart heller ikkje sette i gong. Midlane vart førte over til bunde driftsfond, og øyremerkte Verdiskapingsprogrammet. Fondet er p.t. på kr 99.000 etter at Kultur- og ressursutvalet i sak PS 55 /2014 løyvde kr 200.000,- til prosjektet *Den kulturelle fjorden*. I denne saka gjer fylkesrådmannen framlegg om å fordele resten av midlane.

Fase 2: Vidareført arbeid med kulturminnevern og verdiskaping i Hordaland frå 2012

Gode erfaringar gjorde at det vart løyvd midlar på statsbudsjettet frå og med 2012 til vidareføring av det nasjonale programmet. Det var eit mål å kople saman verdiskapande kulturminnevern med anna regionalt utviklingsarbeid. Fylkeskommunane fekk slik ei sentral rolle.

I Hordaland fylkeskommune har kulturminnevern og verdiskaping ikkje vore etablert som ordning på budsjettet, og ikkje gjeve grunnlag for eigne søknadsprosessar og mobilisering av nye prosjekt. Fylkeskommunen og kommunane sitt samla verkemiddelapparatet har likevel bidrege til å støtte og utvikle mange slike tiltak frå 2012. Jf. brev til Riksantikvaren 4. februar 2013: «*Dei prosjekta Hordaland fylkeskommune vel å leggje fram med vurdering til Riksantikvaren, er prosjekt som har vore handsama og fått tilsegn gjennom Regionalt Utviklingsprogram (RUP), Kulturelt*

Utviklingsprogram (KUP) og som har fått kommunale tilsegn. Alle prosjekta er difor kvalitetssikra og forankra i høve til desse ordningane.» I brev dagsett 12.11.2012 inviterte Riksantikvaren på ny til å søkje om statleg støtte til verdiskapingsprosjekt. I brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 4.2.2013, vart følgjande prosjekt lagt fram til vurdering:

1. *Reisemål i industriens vogge* (RUP-støtte, prosjektleiar Stongfjorden Vekst)
2. *Den kulturelle fjorden* (RUP-støtte, prosjektleiar Hardanger og Voss museum)
3. *Bergen nasjonale veteranskipshamn* (KUP- støtte, prosjektleiar Bergen kommune)
4. *Kystpilegrimsleia* (støtta frå Kultur og ressursutvalet sin rådveldekonto, prosjektleiar Sogn og Fjordane fylkeskommune).

Reisemål i industriens vugge, Den kulturelle fjorden og Kystpilegrimsleia fekk statlege løyvingar frå Riksantikvaren i 2013 og vart sette i gong i løpet av året.

Kulturminnevern og verdiskaping i 2014

6.12.2013 lyste Riksantikvaren ut statsmidlar for vidareføring av verdiskapingsprogrammet i 2014, med høve om å søkje støtte til vidareføring av oppstarta prosjekt. I brev dagsett 10.02.2014 gjorde Hordaland fylkeskommune same utval og prioritering av prosjekt som i 2013. Jf. tilsegnsbrev frå Riksantikvaren som vedtok følgjande fordeling av statlege midlar i 2014:

- | | |
|---|--------------|
| 1. <i>Reisemål i industriens vogge</i> | kr 465.000,- |
| 2. <i>Den kulturelle fjorden</i> | kr 150.000,- |
| 3. <i>Bergen Nasjonale Veteranskipshamn</i> | avslag |
| 4. <i>Kystpilegrimsleia</i> | kr 350.000,- |

Om prosjektet «Reisemål i industriens vogge»

Prosjektskildring

Reisemål i industriens vogge er ei klynge av prosjekt samansett av industriverksemdar, museum og reiselivsaktørar på fleire av industristadene på Vestlandet. Jf prosjektsøknaden til Verdiskapingsprogrammet i 2015: «*Med utgangspunkt i museet i Tyssedal som ankerpunkt i nettverket European Route of Industrial Heritage (ERIH) jobber vi å bygge en reiserute med spennende destinasjoner som har en særegen industrihistorie i Hordaland og Sogn og Fjordane....Vi skal bruke industristedene sin unike historie og levende industri som attraksjon og verdiskaper for den lokale besøks/reiselivsnæringen...Prosjektet er et klyngeprosjekt/nettverk som både har til hensikt å utvikle hvert enkelt industristed som et attraktivt reisemål, men også gjennom samarbeid markedsføre alle industristedene som deltar, som et enhetlig konsept*». Prosjektleiar har vore Stongfjorden Vekst og følgjande industristadar og -miljø er med i prosjektet:

Rogaland:

- Industrierbeidermuseet / Åbø-byen (Sauda)

Hordaland:

- Norsk Vasskraft og Industristadsmuseum – Tyssedal (Odda)
- Hardanger fartøyvernssenter (Kvam)
- Dale of Norway (Dale)
- Norsk Trikotasjemuseum (Bergen)

Sogn og Fjordane:

- Industristadsmuseet og byporten (Høyanger)
- Norsk Kvernsteinsenter (Hyllestad)
- AS Helle fabrikk (Askvoll)
- Stongfjorden, Aluminiumsindustriens vugge (Askvoll)

- Bremanger, smelteverket i kommunesenteret (Bremanger)
- Fiskerimuseet i Måløy (Maløy)

Oppnådde resultat i prosjektet

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sendte 17.10.2016 felles fråsegn til Riksantikvaren der progresjon og rapportering i prosjektet for perioden 2013 til 2016 vart gått gjennom (sjå vedlegg).

Prosjektet har oppnådd gode resultat innan følgjande område:

Kunnskapsutvikling:

Prosjektleiinga har i tett samarbeid med Innovasjon Norge hatt fleire samlingar med alle aktørane. Sentrale arbeidsområde har vore profesjonalisering av vertskapsrolla, utvikling av stadene som reiselivsaktørar (produktutvikling, sal, marknadsføring og «pakketering» av reiselivsprodukt).

Marknadsføring

I dialog med med dei einiskilde stadane er det gjort eit omfattande grunnlagsarbeid for presentasjon av industristadene, ma. I høve profilering og innsamling av relevant tekst og biletdokumentasjon. Prosjektet har samarbeidd med Norsk Kulturarv og Norges Automobilforbund for ei planlagt bokutgjeving med mål om å nå ut til eit breitt publikum.

Produktutvikling og sal:

Prosjektet har gjennomført visningsturar og brei dialog med reiselivsnæringa - Turoperatørane kjenner marknaden og har best forståing av korleis produkta kan utviklast for sal. Destinasjonselskapane Reisemål Hardangerfjord, Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord var involverte i førebuinga av visningsturane. Reisemål Hardangerfjord og Visit Fjordkysten deltok på turen i eigne geografiske område. Prosjektet har delteke på NCE Tourism - Fjord Norway si samling med «incomingoperatørar», vart presentert på ein speed-dating-sesjon med nye turoperatørar, og fleire av dei som stilte på visningstur i 2014. Etter visningsturane har både Norsk Trikotasjemuseum og Dale of Norway i Hordaland vidare kontakt med ulike turoperatørar.

Nye industrier og industristader:

I oktober/november 2015 vart det invitert til ei samling med nye industristadar. Både industristaden Vik og Åsnes Skifabrikk ønskjer no å delta. I Vik er det etablert ei lokal ressursgruppe og gjennomført testtur på deira reisemål. Vik kommune har vedteke å gå inn i prosjektet, samt å melde seg inn i nettverket ERIH (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net).

Status ved avslutning av prosjektet.

Prosjektet skulle i høve planen avsluttast i 2016, men bortfall av løyvingar på statsbudsjettet har gjort sluttarbeidet krevjande. Med mange ulike aktørar har det vore utfordrande å koordinere alle tiltak i samsvar med opphavleg plan, og dermed vanskeleg å halde stram framdrift. Vidare fekk søknaden om felles følgjeforskningsprosjektet i høve økonomisk, miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping til Innovasjon Norge (Arena-programmet) avslag av Riksantikvaren. Ein har dermed ikkje fått ei detaljert evaluering av dette og andre prosjekt sine effektar. Ved avslutninga er prosjektleiari Stongfjorden Vekst sitt engasjement avslutta, og det er trong for å rekruttere slik kompetanse.

Ved prosjektsslutt står det att nokre uløyste oppgåver og unyttta prosjektmidlar:

- *Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane*
- *Sluttføre arbeid med dei samarbeidande destinasjonsselskapa korleis dei best kan marknadsføre industristadane som reisemål*

- *Kartleggje om aktørane vil gå vidare og etablere bedriftsnettverk under Innovasjon Norge si ordning «Innovative bedriftsnettverk»*
- *Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH-nettverket (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net)*

Omsyn til dei involverte verksemdene og slutføring av prosjektet.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, vil ein gjennom slutføring av prosjektplanen for Reisemål i industriens vogge kunne løyse ut meir av det potensialet som ein i perioden 2013-2016 har lagt grunnlag for. Industriturisme er ein marknad i sterk vekst. Dette ser ein ikkje minst i den europeiske reiselivsmarknaden, til dømes i det tidlegare industriområdet i Ruhr i Tyskland. Prosjektet er også viktig for synleggjinga av opplevingskvaliteten i historiske og noverande industrimiljø på Vestlandet og vil slik ha effekt for stadutvikling.

Prosjektet har ei aktørorganisering. Det er tenleg å etablere dette som ei næringsklynge, og slutføringa skal gje grunnlag for evt opptak i Innovasjon Noreg si satsing «Innovative Bedriftsnettverk». Som næringsklynge vil aktørstadane også føye seg fint inn nokre av satsingane til Fjord Norge.

Når det gjeld økonomien vil lenging av prosjektperioden for slutføring finansierast med midlar som allereie er avsett til desse føremåla. Administrasjonane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vurderer det difor som tenleg å følgje prosjektet noko vidare. Ettersom bedriftsnettverket ikkje er formalisert, og for rask avklaring, er det fornuftig at fylkeskommunane i fellesskap tek prosjekteigaransvar, mellom anna ved kjøp av prosjektleiarteneste. Det vert ikkje etablert vidare forpliktingar i prosjektet.

Skildring av slutføringa av prosjektet

1. Føremål

Slutføringa av «Reisemål i industriens vogge» skal gjennomføre planlagde tiltak slik at destinasjonane kan gå frå utviklingsarbeid til sal. Følgjande hovudtema inngår i prosjektet:

- Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane
- Samarbeid med destinasjonsselskapa om marknadsføring av industristadane som reisemål
- Koordinere aktørane og evt etablere bedriftsnettverk under Innovasjon Norge si ordning «Innovative bedriftsnettverk»
- Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH – nettverket (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net)

2. Ansvar:

Prosjekteigar: Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Prosjektleiing: kjøpt teneste

Arbeidsgruppe: Representantar frå aktørane i dei to fylka

3. Framdrift:

- Detaljere prosjektplan og budsjett (desember 2016)
- Kjøp av teneste (januar 2017):
Forenkla anbod på kjøp av prosjektleiing (kjøp under 500.000).
Anbudsutforminga/kravspesifikasjon vil. Prosjektleiing vil venteleg vere på plass i løpet av januar 2017.
- Gjennomføre prosjektplan (januar-desember 2017)

4. Finansiering:

Prosjektkonto (Riksantikvaren, HFK og SFK):	kr 171.135
Løyving frå bundne fond øyremerkt verdiskaping på kulturminne (HFK)	kr 99.000
Til saman:	kr 270.135